

Forskrift om fartsavgrensing for fritidsfartøytrafikk Eivindvik, Gulen kommune, Vestland

Med heimel i havne- og farvasslova § 8 er det fastsett slik forskrift i Gulen kommune:

§1. Virkeområde

Forskrifta gjeld for fritidsfartøy som ferdast i hamna ved Eivindvik tettstad, Gulen kommune, Vestland fylke. Med fartøy vert meint einkvar flytande innretning som er laga for å bevege seg gjennom vatnet.

Forskrifta gjeld i tillegg til forskrifter om fartsgrenser fastsett av Samferdselsdepartementet og Kystverket med heimel i havne- og farvasslova.

§ 2. Fersel i hamna ved Eivindvik tettstad

6 knop er høgste tillate fart for fritidsfartøy som ferdast i bileden i hamna ved Eivindvik tettstad, Gulen kommune, Vestland fylke, innanfor følgjande posisjonar:

Kvitskjær lykt - fastlandet:

N: 60° 58,751' Ø: 5° 03,968' - N: 60° 58,797' Ø: 5° 03,962'

Fonna - Kyrkjeneset:

N: 60° 58,584' Ø: 5° 04,823' - N: 60° 58,604' Ø: 5° 04,949'

§ 3. Krav til aktsemd

Einkvar som fører eit fritidsfartøy skal utvise aktsemd og avpasse farten etter sikt- og farvasssforholda, fartøyet sin størrelse, konstruksjon og manøvreringsevne, slik at det ikkje ved bølgeslag eller på annan måte oppstår fare eller vert voldt skade eller ulempe for personar, herunder badande, kano- og kajakkpadlarar, andre fartøy, kaiar, akvakulturanlegg, strandlinjer, dyre- og fugleliv og omgjevnadane elles.

§ 4. Straff

Brot på denne forskriften vert straffa med bøter.

§ 6. Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft 01.07.2022.